

MA'MA

CHILDREN'S CENTER OF NORWAY

www.mamachildren.org
Facebook: Rachel Trovis Stiftelse

Nyhetsbrev
februar 2017



Innvielse av hybelhuset
– tale av Willy Bhoy s.2

Ma'Ma's misjonsprosjekt
for Tromøy menighet s.3

Sterke inntrykk av
livet i fattigdom s.5

NYTT ÅR – BLANKE ARK!

2017 - Eit nytt år med 12 tomme månadsark. Kva vil du fylla 2017 med? Vi i Norge har uendeleg mange aktivitetar vi kan fylla dagane våre med. Som travel småbarnsforelder synest du kanskje ikkje at dette er særleg aktuelt. Mens andre har litt meir tid og kan gjera sine prioriteringar.

Her vil eg henta fram nokre menneske som har gjort sine bestemte val, og det har fått store ringverknader – ikkje berre for dei sjølve, men for svært mange andre også.

Ole Stenbakk og Ingfrid Varpe har etablert Build-Aid. Dei reiser over heile verda og byggjer skular, hus og hyblar, alt for innsamla norske sponsorkroner. Vi i Ma'Ma's kom i kontakt med Ole og Ingfrid med ein «Gud-feldighet». Hybelhuset til ungdommane våre vart reist i løpet av hausten 2016. Det vart reist, ferdigstilt og klargjort med alt innbu utan at det kosta oss i Ma'Ma's ei krone! Absolutt alt var sponsa og betalt av BuildAid. Heilt fantastisk – TUSEN TAKK !

Sist i januar var Ove og Emma Frøytlog frå Flekkefjord på besøk i Håpets Hamn. Som nemndt i sist nyhetsbrev, er Ove Frøytlog «primus-motor» i bandet Nashville Sound. Ove tok seg tid til å ta ein liten dans på plenen i Håpets Hamn med ein av damene på aldersheimen. Ho elsker all song og musikk. Ove veit vel at han og bandet har spela inn mykje pengar til barna og dei eldre i Håpets Hamn.



Gjennom 10 veker gjorde pensjonistekteparet Ove og Grete Tvedt ein stor innsats som frivillige hausten 2016. Det er ikkje utan grunn at dei begge får helsingar med orda; «We miss you !» sendt frå Manila.

Både barn og eldre i Håpets Hamn fekk møta og bli kjende med dei unge barnevernspedagogane Silje Brekklus og Marte K. Granrud i løpet av hausten. Jenter som gav tid, krefter og engasjement i møte med dei fattigaste av dei fattige.

«Eg har det så godt på alle måtar, eg vil så gjerne vera med å gje noko tilbake ---, til dei som ikkje har det slik som oss i Noreg.» Dette er tankar og ord sagt av ei dame som gjerne vil bruke tid som frivillig i Ma'Ma's. Ho har gjort eit val for dette året. Ho er verken byggmeister eller countryartist, men ho har gjort sitt val likevel. Ho vil bruke dei ressursane ho har inn i Ma'Ma's !

Alle kan ikkje reise til Manila, men vi kan gjere våre val når det gjeld tid, krefter og pengar – val som betyr ein forskjell for dei som eig minst i verden.

I Matt. 25.40 seier Jesus :» Sanneleg seier eg dykk: Alt de gjorde mot ein av desse minste brørne mine, det gjorde de mot meg.»

Astrid Berntsen
Dagleig leiar
MMCCN



*House for Independent Living Program (ILP),
gjev dei vaksne ungdommane frå barneheimen eit
flott hus der dei kan kjenna seg heime.*



TUSEN TAKK til BuildAid - frå Willy Bhoy

**Willy Bhoy Capili (21 år) var ein av talarane
då House for Independent Living Program
(ILP) vart innvia i november.**

Willy Bhoy fortel at han var 11 år då han saman med systema si, flytta inn på barneheimen i Håpets Hamn. Foreldra deira var døde og det var ingen som kunne ta seg av dei to barna. Han hadde heimen sin på barneheimen i 10 år.

Då han var ferdig med High School, fortalde ein av sosialarbeidarane i Ma'Ma's at no skulle han «live independent» det ville seia at Willy skulle flytta inn på eit pensjonat som låg tett ved skulen der han er elev. Han var veldig spent på korleis det skulle gå.

Det var veldig rart å bu for seg sjølv saman med berre ukjente folk. Men han oppdaga at han klarte å få orden på kvardagen sin med skule, mat, klede og pengebruk.

Han har hatt tett oppfølging av sosialarbeider frå Ma'Ma's og har heile tida visst at «heimen» hans er i Håpets Hamn.

Kvar søndag dukka han opp på møtet i kyrkja, og ofte har han hjelpt til å koble når lydanlegget har svikta.

På vegne av dei unge som no er flytta inn i huset takkar han for den nye heimen dei har fått, ikkje berre dei som bur der kvar dag, men også dei som kan ta turen på kvelds- eller helgebisitt. Han lova byggmeister Ole Stenbakk at dei skal ta godt vare på huset.

MA'MA'S ER BLITT MISJONSPROSJEKT FOR TROMØY MENIGHET



Styreleder Jostein Gjærum signerer kontrakten med Tromøy menighet, sammen med leder av menighetsrådet Astrid Saudland.

Tromøy er den største øya i Arendal kommune med ca. 6 000 innbyggere. Tromøy menighet har 4000 medlemmer. Det er en god aldersfordeling i menigheten, og vi har de siste årene hatt stadig økende antall barn og unge på øya.

Det satses mye på arbeid mot disse gruppene. Den nyeste satsningen vår er tilsetting av ungdomsprest som menigheten selv delfinansierer, og etablere nye aktivitetstilbud for aldersgruppen. Vi er veldig heldige som har en stor og aktiv gjeng med frivillige voksne som bidrar på ulike måter i menighetens arbeid.

Vi har to kirker på øya som begge brukes aktivt. Tromøy kirke er en svært gammel kirke med historie helt tilbake ca 1100-tallet, og Færvik kirke fra 1884.

I menigheten er det ansatt sogneprest, ungdomsprest, kateket og menighetssekretær i tillegg til organist og kirketjener. En engasjert stab jobber godt sammen med menighetsrådet og sammen legges planer for videreutvikling og drift av menigheten.

Noen av våre aktiviteter er som følger:

- Tybakken barnehage er vår egen menighetsbarnehage
- Menigheten har hatt fokus på å definere en trosopplæringsplan.
- Vi har blant annet trosopplæringstiltak for 4-åringer, 6-åringer, 8-åringer og 10-11åringer og for konfirmanter og eldre ungdom.

Vi håper og tror at avtalen med «Ma`ma's» skal skape engasjement i ett bredt lag av menigheten og vi vil jobbe for at både barn, ungdom og voksne har et eierforhold til det flotte arbeidet som «Ma`ma's» gjør på Filippinene.

- Sang, musikk, idrett og friluftaktiviteter er viktig for oss på Tromøya.
- Flere av våre tilbud er har sitt utspring i et samarbeid mellom Den norske kirke og KFUK/ KFUM. Menigheten er tilknyttet kortilbud for alle aldre.
- Barnekoret Baluba hvor barn fra 1-5 år synger sammen med voksne, koret Minising Tromøy som gir kortilbud til de mellom 6-12år. I tillegg gir de tilbud om klubb eller friluftaktivitet i «Skogvokterne».
- Ungdommene våre som er fra ungdomsskolealder og oppover har tilbud om deltakelse i Tensing Tromøy med kor og band. I tillegg er det nylig startet friluftsguppe, Ungdomskafé og KRIK – gruppe for og med denne aldersgruppen.
- De voksne i menigheten har kortilbud med Maxising og Tromøy Gospel. Det er også mulighet for kristne felleskapsgrupper som Forbundsringen og bibelgrupper.

Tromøy menighet ønsker å være en aktiv menighet som er tydelig til stede i lokalmiljøet og vi opplever et godt samarbeid med andre lag og foreninger på øya. Gudstjenesteutvikling og utvikling av felleskapsarbeid er våre hovedfokusområder i tillegg til fokus på diakoni og å videreutvikle ungdomsarbeidet. Vi ønsker å være en åpen og inkluderende folkekirke.

Med diakoni som ett av våre hovedsatsingsområder for denne perioden er det nyetablert et diakoniuvalg. De har en diakoniplan under utvikling. Den aktualiserer lokale tiltak ut fra de fire hovedpunktene; nestekjærlighet, inkluderende fellesskap, vern om skaperverk og kamp for rettferdighet.

Menighetens nye misjonsprosjekt i samarbeid med «Ma`ma's» er en del av denne diakoniplanen. Vi ønsker at vi som menighet skal være «Guds hender og føtter på jorda» - både nær oss her på Tromøya og med et ansvar for å bidra i «Ma`ma's» sitt arbeid på Filippinene. Vi håper og tror at avtalen med «Ma`ma's» skal skape engasjement i ett bredt lag av menigheten og vi vil jobbe for at både barn, ungdom og voksne har et eierforhold til det flotte arbeidet som «Ma`ma's» gjør på Filippinene.



Tromøy Kirke



Merete Kristiansen (41), saman med døtrene Malene (19) og Frida (15).

Besøk frå Kragerø

STERKE INNTRYKK AV LIVET I FATTIDOM

Eg møter tre kjekke damer som ser svært fornøgde ut. Mor fortel at ho alltid har hatt lyst til og ta familien med på ein meningsfylt ferie. Ho har hatt eit ynskje om å få oppleve hjelpearbeid på nært hald.

Etter og ha snakka med ei venninne som hadde vore på Filippinene fekk ho og lyst til å prøve. Dei skal være her i 2 vk. Litt seinare kjem far saman med dotter (10) og bur her i nokre dg.

Familien har ein tanke om at dei kan få opplevingar som gjer at ein ser at det nyttar å gi og dele. Det er ein konkret måte og vise nestekjærleik på. Vidare fortel dei om at det har vore overveldande med alle inntrykk dei har fått.

Det og få oppleve kor gavmilde filippinarane er, er stort. Dei deler av det dei har, sjølv om dei har lite og ta av. Dei synes filippinarane er flinke til og sjå framover. Dveler ikkje ved det som har vore. Dei er glade for det dei har fått.

På spørsmål om det er noko som har gjort spesielt inntrykk, fortel dei om eit besøk hos ein fattig familie. Mor og far var på sjukehus med ein 10 år gamal son. Tre barn på 13,11 og 6 år var åleine heime. Dei var utmagra og skitne.

To brør på 6 mnd og 3 år, var døde for nokre dagar sidan av diaré og oppkast. Dei kom på sjukehuset, men det var for seint. Det var sterkt å sjå to små barnekister som stod i heimen.

Neste dag var dei på nytt heimebesøk. Då var far komen heim att. Vi fekk være med og skaffe mat og utstyr til huset, for familien mangla absolutt alt. Sosialarbeidarar som var med gav far tilbod om at barna kunne få kome til Ma-Ma's og bu der ei tid, til foreldra er klare til og ta seg av dei. På Ma-Ma's vil dei få tilbod om mat og omsorg, samt skulegang. Ingen av barna har gått på skule enno.

Det er heilt klart at opphaldet har gjort noko med oss. Vi ser at det nyttar å dele. Og vi forstår at dei problema vi kan oppleve heime i Norge gjerne ikkje alltid er så store.

Grete Tvedt

**MA'MA'S
GRUNNLEGGER OG LEDER**
gjennom 27 år -
Rachel Trovi har fylt 90 år



Gratulerer
med vel overstått
90 årsdag!



**TIL DEG/DERE SOM STØTTER
MA'MA'S ARBEID:**

Velkommen til
kontaktmøte for grupper og enkeltpersoner
lørdag 12. august 2017
i Langesund.

RETURADRESSE:

B Ma'Ma Children's
Center of Norway
Postboks 2,
3993 Langesund



STOR GLEDE

Ved innvielse av hybelhuset for ungdommene i Håpets Havn



Ingfrid Varpe og Ole Stenbakk fra BuildAid var hedersgjester på festen. Her sammen med Gunhild Dobbe, styremedlem i Ma'Ma's. Barna viste nasjonale folkedansar og god mat ble servert av personalet i Håpets Havn.



Erik Tanche Nilssen AS

Norengros Erik Tanche Nilssen AS
Skien Hagebyvn. 26, Pb. 2560, 3702 Skien
Porsgrunn Hydrovegen 19, 3733 Porsgrunn

www.etn.no

Ma'Ma Children's Center of Norway

Vår bankforbindelse:

Bamble Sparebank, Stathelle

2601 33 17185 Driftskonto

2601 16 76331 Sykehusfond

Hvis du oppgir din adresse på giro eller nettbankoverføringer vil du få få tilsendt vårt nyhetsbrev 4 ganger i året.

www.mamachildren.org

Daglig leder, Astrid Berntsen:

astrid.berntsen00@gmail.com

Styreleder, Jostein Gjørum:

jostein@gjarum.net

Øvrige styremedlemmer: Rachel Trovi, Solveig Gudmundsen, Kari Mette Ringdal Helle, Gunhild Dobbe, Fred Trovi, Anne Margrethe Vågsnes, Birthe Sofie Bunkholt Sørensen, Jan Fredrik Vinje.